

## **Referat**

Dialogmøte om vaktlisteordninga for faste forsvararar og bistandsadvokatar ved Haugaland og Sunnhordland tingrett

Tid: Onsdag 18. september 2024 kl 1000 – 1120

Stad: Teams/digitalt

Til stades:

- Advokatforeningen, Haugaland og Sunnhordland krets, ved
  - o styreleiar Trond Jarle Bachmann,
  - o nestleiar Gunnveig Breistein, fast bistandsadvokat for Haugaland og Sunnhordland tingrett,
  - o Advokat Silje Christine Hellesen, fast forsvarar for Haugaland og Sunnhordland tingrett
- Haugaland og Sunnhordland tingrett, ved
  - o sorenskrivar Frank Schmidt
- Sør-Rogaland tingrett, ved
  - o dommar/nestleiar Ørjan Andre Grønlid
- Sør-Vest politidistrikt
  - o Kristin Nord-Varhaug, leiar Felles enhet påtale
  - o Are Andersen Skjold-Frykholm, leiar påtaleseksjon Haugesund
  - o Sondre Johannessen Hauge, fungerande leiar FEE, Felles enhet for etterforsking
  - o Olav Veggeberg, leiar FSI, Felles straffesaksinntak
- Advokatforeningen, Sør-Rogaland krets ved
  - o styreleiar Ørjan Eskeland

### **Innleiing frå Trond Jarle Bachmann.**

Bakteppet for innkalling til møtet er oppfølging av samarbeidsmøte 1. november 2023, og eit ønskje frå faste forsvararar og bistandsadvokatar om å ta opp status for etterleving av vaktlister for oppnemningar frå politiet. Bachmann har på vegne av advokatane i Haugaland og Sunnhordland adressert over epost til påtale ved Lars Ole Berge i Sør-Vest pd 16. juni 2024 ein konkret sak, nemlig eit drap på Åkra. Karmøy, sommaren 2024, der ein av dei faste advokatane i Stavanger blei kontakta for sikta, i staden for å følgje listene som angir advokatar i rettskretsen som ville vore Haugaland og Sunnhordland tingrett, rettsstad Haugesund.

Bachmann viser til det overordna i at vervet som inneber fast forsvarar eller bistandsadvokat er eit oppdrag ein blir tildelt personleg, etter forutgåande utlysing, søknadsprosess og utnemning frå Domstoladministrasjonen for ein periode på 6 år. Det ligg i oppnemninga ein forventning om at desse advokatane har kapasitet, og sett av tid til oppdrag, og held seg fagleg oppretthalde. Dette utgjer eit avtaleforhold mellom staten/DA og advokatane, og Advokatforeningen har ein forventning om at staten held avtalen. Inntrykket er at domstolen held seg lojalt til listene.

Styret og de faste forsvararane og bistandsadvokatane er dessverre ikkje trygg på at politi og påtalemakt held seg på same måte. Det er til tider stor frustrasjon mellom advokatar her, som går på at politi og påtalemakta ser ut til å halde seg tilfeldig til rettskretsane og dei tilhøyrande vaktlistene.

I botn ligg påtaleinstruksen § 9a, fjerde ledd, som det kan minnast om:

*Når den pågrepne ikke har bedt om en bestemt forsvarer, eller den som er ønsket er forhindret fra å påta seg vernet, skal påtalemyndigheten oppnevne den forsvarer som står for tur på en liste over faste forsvarere som påtalemyndigheten har innhentet fra den lokale tingretten.*

*Påtalemyndigheten må sørge for å holde listen over faste forsvarere à jour gjennom kontakt med tingretten.*

*Alle henvendelser til advokater som ledd i oppnevnelsen av forsvarer skal journalføres hos påtalemyndigheten.*

Føresegna føreset at påtalemakta skal vise aktivitet og hente inn ei liste over dei faste forsvararane frå den lokale domstolen, som i dette tilfellet må forståast som tingretten i rettskretsen den straffbare handlinga har skjedd. Føresegna byggjer ikkje på at advokatane har ansvaret for at lista blir utforma og vidareformidla til påtalemakta. Aktivitetsplikta ligg først og framst hos påtalemakta, som plikter å følgje denne.

Etter samanslåing av politidistriktet i 2016/2017, er det vårt syn at det blir færre oppdrag som blir tildelt dei faste oppnemnte advokatane i vårt distrikt, Hordaland og Sunnhordland. Dette synast å skuldast politiet si praktisering av regelverket.

Nokre raske dømer for større saker er Tengs-saka, drapet på Åkra som nemnt, og drapet i Vindafjord i august 2023.

Advokatforeningen har adressert dette, og særleg med visning til Åkra-saka, til politiet. Svar frå fungerande leiar Sondre Johannesen Hauge, sendt 17. juni 2024, oppgav:

*I dette tilfelle ble siktede pågrepet og kjørt til Stavanger for å gå rett i avhør. Det ble planlagt for fremstilling i sør-rogaland tingrett. Det ble da vurdert at*

*hasteelementet og den videre tilknytningen til sør-rogaland tingrett medførte at forsvarervakten i sør ble kontaktet.*

*For god ordens skyld vil jeg legge til at vi fortsatt etter beste evne skal etterleve forsvarervaktordningen*

Ein klarte å snu politiet før også bistandsadvokatoppdraget gjekk til Stavanger.

Oppsummeringsvis, viser vi til at det framstår som om det er konsensus om faste lister. Inntrykket er at vaktlista likevel ikkje er kommunisert ut.

**Silje Hellesen** har erfart at politiet ikkje etterlever ordninga med faste forsvarar, sjølv om det vart ei betring etter vaktliste for Hordaland og Sunnhordland vart distribuert etter møtet november 2023. Framleis er det teikn til at politiet ikkje kjenner til denne.

Ho minner særleg politiet om å gi riktig informasjon til sikta ved til dømes pågriping og mistenktavhøyr, når det gjeld rett til offentleg oppnemnt forsvarar under etterforsking etter strpl § 100 andre ledd. Ho minner om at den sikta etter Högsterettspraksis og EMD-praksis har rett på oppnemnt forsvarar under etterforskinga i saker der ein risikerer fengselsstraff av ei viss lengde. Nokre månadar fengselsstraff er tilstrekkeleg, og i sakene om mishandling i nære relasjonar er typisk dette aktuelt. Dette må formidlast riktig ut til dei mistenkte frå politiet.

**Gunnveig Breistein** ønskjer å framheve den enkelte politibetjent sin rolle i den konkrete situasjonen der informasjon om rett til advokatbistand blir gitt og samtale tatt; på åstad eller i arresten: kva informasjon blir gitt til den pågripne (eller for så vidt fornærma)?

**Ørjan Eskeland** har hatt uformell kontakt med advokatar i Sør-Rogaland krets om problemstillingen. Dei som svarar uttrykker at ein ønskjer å stå solidarisk med advokatar i nord, og har forståing for kretsen i nord. Ein kan legge til at vaktlista i Stavanger heller ikkje alltid blir føld frå politiet si side.

**Frank Schmidt** ytra generelt frå tingretten at han oppmodar påtalemakta å halde seg til lista over faste advokatar for første gongs oppnemning av forsvarar og bistandsadvokat. Den rimelege tolkinga av påtaleinstruksen er å halde seg til rettskretsen der saka skal gå. **Ørjan Andre Grønlid** presiserte at vaktlista bør sendast Sør-Rogaland tingrett også. Elles opplever ikkje Sør-Rogaland tingrett denne problemstillinga; i fengslingsakene er forsvararønske formidla av påtalemakta.

**Kristin Nord-Varhaug og Olav Veggeberg** oppgir at politi og påtalemakt er glad for møtet, og presiserer at dei er samd om reglar og kva målet er, men det må orienterast godt ned i linjene til den enkelte tenesteperson. Tilbakemelding frå politi og påtale er at vaktlista frå Haugaland og Sunnhordland har medført betring.

Oppdaterte vaktlister kan sendast:

- Kristin Nord-Varhaug, påtaleleiar
- Olav Veggeberg, FSI
- Bjarne Winterhus-Fjeld, opplæring og fag.

**Sondre Johannessen Hauge** frå FEE presiserer at eposten frå Hauge den 17. juni 2024 til Bachmann om bakgrunn for oppnemning i Åkrasaken ikkje gir uttrykk for ein praksis eller ein unnskyldning – det enkelt sagt forklaringa på kvifor det blei som det blei den gongen - og det var feil. Dette er ikkje normaltilstanden. Politiadvokatane i FEE oppgir at dei er kjent med og vil følgje lojalt listene om faste advokatar.

\*\*\*

### **Avslutting**

Påtale og Advokatforeningen er samde om å møtast for oppfølging etter eit halvt års tid. Bachmann sender ut innkalling. Domstolen utgår frå dette oppfølgingsmøtet.

Referent: Gunnveig Breistein, 19.09.2024